

Om rusposten ved Tronvik

Vernetenesta PHV ønskjer særskilt å vidareformidle følgjande til leiarnivå i PHV

innspel frå Edgar Piel **Klinikktilitsvalt OLF** / repr for overlegegruppa v PHV som er uroa for evt nedlegging av Tronvik:

- *Framlegg til denne innsparinga er overraskande i og med at vi gir eit godt tilbud til ei sårbar pasientgruppe, som alle er enig i at skal satsast på. Ut frå det vi erfarer/oppfattar har det i lang tid vore ei nedprioritering av rusfeltet i klinikken, blant anna med liten tilgang på LIS-leger. Også når legen på Tronvik har hatt overlegeperm/ferie/fri er det sjeldan at det er lyst ut etter vikar. Tronvik har i desse situasjonane måtta ta til takke med overlege frå klinikken i ca 20%. Dette er overlegar som allereide har mykje arbeid i Førde og det må kjennast som ein belastning å avhjelpe ein seksjon med kun arbeidstid lokalt ein dag i veka med såpass krevande pasienter. Dette har ofte ført til at arbeid delvis har blitt verande ugjort inntil legen var tilbake. Det blir derfor merkeleg at ein brukar argument om ressursar og lang liggetid i diskusjon om avviking, når det opplevast at Tronvik aldri er blitt prioritert. Tronvik leverer i dag god behandling til pasientar som har behov for litt lenger tid i døgnbehandling. Eid har ein helt annan profil og det er mange pasienter fra Helse Førde som vil merke at tilbudet på Eid ikkje vil være tilstrekkelig i lengde/tidsrom. Det er trist å skulle øydelegge tilbodet som både Eid og Tronvik har bygd opp over lang tid. Pasientar, pårørande og samarbeidspartar gir veldig gode tilbakemeldingaer og det har blitt opparbeidd eit stort nettverk og eit godt omdøme. Det var ønskje og plan om å utvide tilbudet på Tronvik og det vart løyvd pengar til dette, det kjennast derfor vanskeleg at Tronvik no brått skal avviklast.*
- *Tronvik er ein viktig kvinnearbeidsplass for Høyanger kommune, og ei nedlegging vil kunne medføre auka fråflytting og avfolking av området på sikt. Som Klinikktilitsval for Overlegeforiningen er det viktig å meddele denne bekymringa.*